



Magne Herdlevær  
Orrestein 29 b  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1491 - 15/12735

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

23.06.2015

## Merknad til søknad om løyve til oppføring av einebustad på gbnr. 38/80 i Meland kommune

Det vert vist til søknad dagsett 15.5.2015 om løyve til oppføring av ein einebustad på gbnr. 38/80 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav a. Det vert òg vist til etterfølgjande telefonkorrespondanse mellom kommuneadministrasjonen og høvesvis tiltakshavar og ansvarleg søkjar v/ Ronny Herdlevær. Nemnde samtaler vert i hovudsak referert som følgjer:

Før kommuneadministrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde alle dei opplysningar og all dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»).

Administrasjonen førebels ikkje handsame føreliggjande søknad på grunn av følgjande omstende:

- Søknaden omfattar ikkje profilar som skildrar situasjonen før og etter naudsynt terrengutforming, samt plassering av byggverk med tilhøyrande kotar i same profildekning. Dette er ei oppgåve som normalt ligg til føretak(a) som skal vere ansvarleg for prosjektering av uteareal, landskapsutforming og oppmålingsteknikk, og slike situasjonsteikningar må difor sendast inn før kommunen kan ta stilling til søknaden.
- I samband med søknaden om godkjenning av Magne Herdlevær ENK som ansvarleg føretak for søkjarfunksjonen (SØK) og delvis for prosjektering (PRO) og utføring (UTF) er det opplyst at dette føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer dei omsøkte ansvarsområda. Godkjenningsbeviset frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) viser på si side at føretaket berre er sentralgodkjent som UTF av tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar. Før Magne Herdlevær ENK kan godkjennast med ansvarsrettar for andre funksjonar og oppgåver enn føretaket er sentralgodkjent for, må føretaket sende inn ein eige søknad om lokal godkjenning av aktuelle funksjoner/oppgåver med tilhøyrande dokumentasjon.
- Det ligg innanfor ansvarleg søkjar sine oppgåver å sjå til at alle oppgåver er belagt med tilstrekkeleg ansvar, jf. pbl. § 23-4. Føreliggjande søknadar om ansvarsrettar er dertil uklare om kva oppgåver som faktisk vert belagt med ansvar, særleg m.o.t. PRO-funksjonen. Magne Herdlevær har t.d. søkt

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

om ansvarsrett som PRO av «*preaksepterte løsninger*», men utan at det er opplyst kva oppgåver dette er meint å omfatte. Administrasjonen treng difor ei nærmare presisering av kva føretak som skal prosjektere dei ulike oppgåvene i tiltaket (utover røyr- og sanitæranlegg og våtrom), t.d. PRO av arkitektur, landskap og uteareal, geoteknikk, oppmålingsteknikk, brannkonsept, bygningsfysikk, konstruksjonstryggleik, ventilasjon og mur- og betongarbeid. Etter ei førebels vurdering kan det òg synast som at einskilde av UTF-oppgåvene ikkje er omsøkt for ansvarsrett, t.d. UTF av innmåling og utstikking av tiltak.

Dykkar søknad om byggjeløyve med tilhøyrande søknadar om godkjenning av føretak for ansvarsrettar vert lagt i kommunen sitt ventearkiv i påvente av at naudsynt dokumentasjon er innsendt, jf. gjennomgangen over. Når søknaden er komplett vil saka bli tatt opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom administrasjonen finn dette naudsynt ved ein nærmare gjennomgang av dispensasjons- eller byggjesøknaden.

Gebyr for kommunen si førebelse handsaming vert ettersendt, jf. Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ for Meland kommune) § 10.2.10 («*Mangelfull sak m/ melding til søkjar*»).

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Britt- Elin Langesæther og Gerhard Bauge	Myrdalshovden 116	5130
--	----------------------	------

**Mottakere:**

Magne Herdlevær

Orresteinen 29 b 5916

ISDALSTØ